



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2021	Valstyret	PS	13.04.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

### VALGJENNOMFØRING - DELEGERING AV FULLMAKT

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valstyret delegerer til kommunedirektøren å:

- informere veljarar om valordning og gjennomføring
- rekruttere valmedarbeidarar
- opplæring av valmedarbeidarar
- sette opp arbeidstider
- bestille utstyr og materiell
- rigge vallokale
- legge ut utleggingsmannatal
- avtale med parti som ønsker kopi av manntal
- avtale med parti som ønsker stemmesetlar
- lage rutinar for oppbevaring av valmateriell
- distribuere valmateriell til vallokale
- registrere/godkjenne stemmegjevingar i EVA
- legge inn oppteljingar i EVA
- evt andre saker av ikkje prinsipiell karakter

### Valstyret - Sak 05/2021

#### VAL - Behandling:

Heidi Rongved, Ap, stilte spørsmål knytt til rekruttering av valmedarbeidarar.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen svaret at delegeringa ikkje omfattar val av røystestyret og valmedarbeidarar i vallokala.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**VAL - Tiltråding/Vedtak:**

Valstyret delegerer til kommunedirektøren å:

- informere veljarar om valordning og gjennomføring
- rekruttere valmedarbeidarar
- opplæring av valmedarbeidarar
- sette opp arbeidstider
- bestille utstyr og materiell
- rigge vallokale
- legge ut utleggingsmannal
- avtale med parti som ønsker kopi av manntal
- avtale med parti som ønsker stemmesetlar
- lage rutinar for oppbevaring av valmateriell
- distribuere valmateriell til vallokale
- registrere/godkjenne stemmegjevingar i EVA
- legge inn oppteljingar i EVA
- evt andre saker av ikkje prinsipiell karakter

**Politisk behandling:**

Vert avgjort av valstyret

**Saksopplysningar:**

Valstyret i Vaksdal er ansvarleg for å gjennomføre Stortings- og sametingsvalet i Vaksdal. Etter kommunelova § 5-7 og § 10 6. ledd har valstyret høve til å delegere avgjerdsmakt i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller kommunedirektøren. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

Saker som er av prinsipiell karakter og som skal til Valstyret for behandling er:

- Fastsettjing av ulike fristar
- Stemmostader, stemmekretsar og opningstider
- Oppteljingsmåte
- Oppnemning av stemmemottalar/stemmestyrer
- Behandling av forkasta stemmegjevingar/stemmesetlar
- Godkjenning av valet
- Behandling av evt klagar

Ein eller fleire av valstyret sine medlemmer må også vere til stades under den endelege oppteljinga.

Møta i valstyret blir som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere tenleg å delegere ei fullmakt til kommunedirektøren.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i "typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning". Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmakt i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er av prinsipiell karakter, må fastsetjast ut

frå karakteren av vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og formålstenleg.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å legge manntal ut til offentleg ettersyn, kunngjeringar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men ein kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

I Vaksdal har det ved tidlegare val vore vanleg å oppnemne ei arbeidsgruppe beståande av leiar, nestleiar og politisk sekretær. Koronapandemien har påverka arbeidskvardagen det siste året, på ein slik måte at kommunedirektøren tilrår at dette arbeidet vert gjort av administrativt tilsette. I hovudsak koordinert av valansvarleg og stadfortredar med jamleg statusoppdateringar til leiar i valstyret.